

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 22.08.2022
SAKSHANDSAMAR: Randi Nisja Heskestad
SAKA GJELD: **Tilleggsdokument til styringsdokument 2022**

ARKIVSAK: 2021/1102
STYRESAK: **088/22**

STYREMØTE: **07.09.2022**

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Styret i Helse Vest RHF vedtek tilleggsdokument til styringsdokument 2022 for Helse Stavanger HF
2. Styret i Helse Vest RHF vedtek tilleggsdokument til styringsdokument 2022 for Helse Fonna HF
3. Styret i Helse Vest RHF vedtek tilleggsdokument til styringsdokument 2022 for Helse Bergen HF
4. Styret i Helse Vest RHF vedtek tilleggsdokument til styringsdokument 2022 for Helse Førde HF

Oppsummering

Helse Vest RHF har motteke tilleggsdokument til oppdragsdokument 2022 frå Helse- og omsorgsdepartementet, og føretaksprotokoll frå føretaksmøte 23. juni 2022. Dei nye dokumenta kommer etter Stortinget si behandling av Prop. 115 S (2021-2022), jf. Innst. 450 S (2021-2022). Ein viser her til behandling av styresak 087/22, som presenterer innhaldet i dokumenta.

I tilleggsdokument til styringsdokument 2022 vidareformidlar Helse Vest RHF styringsbodskapet til helseføretaka i Helse Vest (med unntak av Sjukehusapoteka Vest HF).

Grunna korte tidsfristar har helseføretaka motteke utkast til tilleggsdokument, svarande til dokumenta som blir lagt fram i denne saka. Etter styrebehandling vil endelege versjonar av dokumenta bli formidla til helseføretaka i føretaksmøte.

Fakta

Tilleggsdokument til styringsdokument 2022 har følgande struktur og innhald:

1. Innleiing
2. Styrke psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling
3. Styrke forskning, innovasjon og kompetanse og forbetre kvalitet og pasientsikkerheit
4. Rask tilgang til helsetenester og samanhengande pasientforløp
5. Andre oppdrag
 - 5.1 Bruk av vikarar i ambulansetenesta
 - 5.2 Digital samtykkeløysing for deltaking i forskingsprosjekt på Helsenorge
 - 5.3 Pasientreiser – drosjebruk
 - 5.4 Nasjonal helse- og samhandlingsplan
 - 5.4.1 Koordineringsordningar
 - 5.4.2 Gode tenester der folk bur
 - 5.4.3 Spesialisthelsetenesta si rolle i førebygging
 - 5.4.4 Kompetanseutveksling
 - 5.4.5 Erfaringar frå covid-19-pandemien
6. Rapportering

Kommentarar

Tilleggsdokumenta til Helse Førde HF, Helse Bergen HF, Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF har same innhald.

Rapportering på tilleggsoppdraga vil skje i årleg melding for 2022, eller i samsvar med spesifikke fristar gitt i tilleggsdokumenta.

Vedlegg:

- 1. Tilleggsdokument til styringsdokument 2022 for Helse Stavanger HF*
- 2. Tilleggsdokument til styringsdokument 2022 for Helse Fonna HF*
- 3. Tilleggsdokument til styringsdokument 2022 for Helse Bergen HF*
- 4. Tilleggsdokument til styringsdokument 2022 for Helse Førde HF*